



25 turgåarar er på veg til Manen i regi av Festifjellet.

Turen til Manen i dag med avgang frå Padlane på Eik var fullteikna. Nokre etterpåmelde kom til slik at det totale talet var 25 turgåarar. Turleiarar var Marta Teigen Varanes og Benjamin Hus Ripel. Turen til Geitadalstind i går med Veslemøy Haugland som turleiar hadde ei påmelding på 15 personar.

Uskedalen.no var på plass i dag kl. 10 og fekk sjå turfylgje avgarde opp lia på Eik. Etter ein liten kilometer på skogsveg går stien inn i furuskog, seinare på litt myrlende før landskapet opnar seg opp med vakker utsikt mot Hardangerfjorden, Tysnes, Stord og Bømlo. På toppen vil ein kunna sjå kysten frå Haugalandet i sør til Hellesøy i nord. I tillegg er det panoramutstikt til Kvinnhersfjella med mellom anna Ulvanoso, Englafjell, Melderskin og Gyrastol.

To av deltakarane var også med til Geitadalstind i går. Mange kom til Uskedalen og Kvinnherad for å vera med på Festidalen. Manen var eit nytt turmål for dei fleste i turgruppa. Nokre var spente på om ein kom opp over skodda før den forsvann.

Uskedalen.no er lova eit bilete frå toppen av Manen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal